



JournalpostID: 23/9624
Sakshandsamar: Magnhild
Myklebust
Dato: 22.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
069/23	Formannskapet	07.09.2023

Godkjenning av planprogram og vurdering av merknader til planoppstart for områderegulering Holmaneset

Vedlegg:

Oversikt merknader til planprogram og innspel til planarbeid for områderegulering Holmaneset
2023-08-28 Planprogram Norsk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Planprogram for områderegulering Holmaneset vert vedteke med fylgjande endringar frå planprogrammet til offentlig ettersyn:
 - Tillegg nytt punkt 8.9: «Sikkerhetsavstander og omsynssoner» der det er nærare definert korleis tryggleiksavstandar og omsynssoner for storulukke-anlegget skal fastsetjast.
 - Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing naturmangfald: Konsekvensar for verneområdet Tennøyane skal utgreiast. Fugl skal kartleggjast, og det skal gjennomførast feltundersøkingar på vår og haust.
 - Pkt. 6.5 Naturmangfald skal supplerast med at «Sjøområdet innanfor planområdet er en del av et større gytefelt for torsk. Påverknad på marine naturtypar i området må konsekvensvurderast i samanheng, ved at ein ser til den økologiske funksjonen til naturtypane.
 - Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing landskap: Lysforureining skal utgreiast.
 - Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing landskap Naturmangfald, terrestrisk biologisk mangfald – det må gå fram at eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje er tilstrekkeleg og at heile landdelen av planområdet skal kartleggast ved feltundersøkingar.
 - Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing landskap Naturmangfald, marin biologi – det må gå fram at eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje er tilstrekkeleg og at marint biologisk mangfald skal kartleggast ved feltundersøkingar.
 - Pkt. 7.2 Alternativ 1 Konsept, anleggsutforming og -plassering skal supplerast med informasjon om forventa høgde og volum på tank og høgde på fakkeltårn.
 - Overordna føringar i pkt. 5.1 blir supplert med Naturavtalen.
- Innspela til planarbeidet vert teke til orientering, for oppfølging vidare i planarbeidet.

Bakgrunn for saka:

FFI ynskjer å etablere produksjonsanlegg for grønt hydrogen og ammoniakk på Holmaneset i Bremanger kommune. Formannskapet i Bremanger vedtok 02.02.2023, sak FSK-010/23, at det vart starta planprosess for områderegulering av Holmaneset. Det vart også godkjent samarbeidsavtale mellom Bremanger kommune og Fortescue Future Industries AS om områderegulering. Områderegulering som plantype er valt m.a sidan arealbruken ikkje er tilstrekkeleg avklara i overordna arealplan. Framdrift er viktig for å kunne gjennomføre prosjektet, og områderegulering prosessen vert difor køyrt parallelt med rulleringa av arealdelen til kommuneplanen. Det er kommunen som har ansvaret for rammer, innhald og framdrift i planprosessen, og må ta avgjerd om planforslaget skal leggjast fram.

For planar som har vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for arbeidet, og det er krav om konsekvensutgreiing. Planoppstart og utlegging av planprogram til offentleg høyring vart vedteke av kommunestyret 27.04.2023, sak KST-019/23.

Planoppstart vart varsla og planprogram lagt ut til offentleg ettersyn 09.05.2023, med frist for innspel til planarbeidet og merknader til planprogrammet 26.06.2023. Det vart halde ope møte om planane og planarbeidet på Svelgen samfunnshus 24.05.2023, der det var nær 200 fram møtte. I tillegg har FFI halde open kontordag på rådhuset i Svelgen 13.06.2023.

Formannskapet 07.09.2023:

Handsaming:

Orientering av DSB ved Trond , vert lagt inn i saka.

Skriv frå Folkehelseavdelinga (Kinn kommune - interkommunalt) vart delt ut i møtet.

Ordførar og Magnhild Myklebust orienterte i saka.

Per-Helge Eikeland, Ap: Ynskjer at ein skal flytte området lenger aust slik at ein kan spare Holmaneset. Det må vere fokus på utbetring av veg og moglegheit for helikopter til å lande i nærleiken.

Svein Olav Senneset, Venstre - bra at der er mange innspel i saka, Sikker på at FFI gjer sitt beste for å redusere miljøavtrykk.

FFI er i dag tilstades på rådhuset ein dag i veka for dei som ynskjer informasjon i saka. Det er laga eit spørsmål og svar hefte i saka, denne kan ein finne på rådhuset.

FSK- 069/23 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

- 1. Planprogram for områderegulering Holmaneset vert vedteke med fylgjande endringar frå planprogrammet til offentleg ettersyn:**

- **Tillegg nytt punkt 8.9: «Sikkerhetsavstander og omsynssoner» der det er nærare definert korleis tryggleiksavstandar og omsynssoner for storulukke-anlegget skal fastsetjast.**
- **Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing naturmangfald: Konsekvensar for verneområdet Tennøyane skal utgreiast. Fugl skal kartleggjast, og det skal gjennomførast feltundersøkingar på vår og haust.**
- **Pkt. 6.5 Naturmangfald skal supplerast med at «Sjøområdet innanfor planområdet er en del av et større gytefelt for torsk. Påverknad på marine naturtypar i området må konsekvensvurderast i samanheng, ved at ein ser til den økologiske funksjonen til naturtypene.**
- **Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing landskap: Lysforureining skal utgreiast.**
- **Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing landskap Naturmangfald, terrestrisk biologisk mangfald – det må gå fram at eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje er tilstrekkeleg og at heile landdelen av planområdet skal kartleggast ved feltundersøkingar.**

- **Pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing landskap Naturmangfald, marin biologi – det må gå fram at eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje er tilstrekkeleg og at marint biologisk mangfald skal kartleggast ved feltundersøkingar.**
 - **Pkt. 7.2 Alternativ 1 Konsept, anleggsutforming og -plassering skal supplerast med informasjon om forventa høgde og volum på tank og høgde på fakkeltårn.**
 - **Overordna føringar i pkt. 5.1 blir supplert med Naturavtalen.**
2. **Innspela til planarbeidet vert teke til orientering, for oppfølging vidare i planarbeidet.**

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova

Saksopplysningar:

Det er komne inn 36 høyringsuttalar, der 8 er frå statlege og regionale mynde, 8 frå ulike interesseorganisasjonar, politiske parti og verksemder, og 20 uttalar er frå enkeltpersonar.

Hovudinnhaldet i høyringsuttalane, med kommentar om handtering i den vidare planprosessen, er oppsummert i vedlagt tabell. Alle høyringsuttalane kan sjåast i innsynsløysinga på heimesida til kommunen [Arkivsak 23/96 - Områderegulering Holmaneset \(onacos.no\)](#) Mange av høyringsuttalane er omfattande, og dei fleste uttalane inneheld mange moment. I hovudsak er uttalane kritiske til planane om å bruke Holmaneset til produksjon av grøn ammoniakk, både av omsyn til tryggleik, naturverdiar, friluftsliv og bulyst. Det er også stilt spørsmål ved kraftforbruket og påverknad på kraftsituasjon og straumprisar.

Statsforvaltaren i Vestland varslar motsegn på grunnlag av inngrep i marine naturtypar med verdi A og B (ålegraseng), og inngrep i to små lokalitetar av naturtypen «gammal furuskog» med høg lokalitetskvalitet (stor verdi) og som har sentral økosystemfunksjon.

Statsforvaltaren påpeikar også at verneområde ikkje er nemnd som tema for konsekvensutgreiing i planprogrammet. Sidan Tennøyane naturreservat potensielt ligg innanfor influensområdet ved ei ulukkeshending, må det greiast ut korleis anlegget vil verke inn på naturreservatet og verneverdiane der. Anlegget si innverknad ved dagleg drift må også undersøkast, og der viktige faktorar vil vere støy, lysforureining, skipsaktivitet og andre former for påverknad og forstyring.

I høve samfunnstryggleik og beredskap viser Statsforvaltaren til at tiltaket er underlagt reglane i storulukkeforskrifta, og at det ved eventuelle større uønska hendingar kan vere krav til store sikkerheitsavstandar. Dei ser det difor som viktig at kommunen gjer grundige vurderingar av om arealet òg i eit tryggleiksperspektiv er eigna til føremålet. Statsforvaltaren ser det som særskild viktig at kommunen faktisk tek aktivt stilling til spørsmålet om kva som er akseptabel risiko. Kommunen bør vidare òg vere medviten på kva konsekvensar ei slik etablering vil kunne medføre for krav til kommunens eigen beredskap (brann, helse osv.). Dei meiner kommunen skal stille konkrete kompetansekrav til dei som skal utarbeide ROS-analysen for planen. Statsforvaltaren vi særleg understreke behovet for at ROS-analysen tek høgde for moglege domino/kaskadeeffektar, ikkje berre hendingar knytt til einskildverksemder, slik at ein får fram eit heilskapleg risiko/sårbarheitsbilete. Til dette ligg òg ei vurdering av viljestyrte hendingar (terror/sabotasje).

Statsforvaltaren har i sin merknad lagt hovudvekt på naturmangfald og samfunnstryggleik. Dei legg til grunn at kommunen som planmynde sikrar at også andre vesentlege omsyn og

interesser (som m.a. landskap, friluftsliv, ureining, massehandtering, massealanse, nærmiljø) vert godt utgreidd og ivareteke, og at saka vert godt opplyst.

Sjølv om det i planprogrammet er peika på at Holmaneset er godt eigna lokasjon for hydrogenproduksjon er det likevel viktig at dei samfunnsmessige konsekvensane vert vurdert nøye for alle relevante tema, mellom anna kraftforsyning og kva kraftinfrastruktur som ev. vil verte naudsynt å bygge ut som følgje av planlagde tiltak. Statsforvaltaren skriv at dette området har store naturfaglege verdiar, som dei meiner må leggast stor vekt på i vurderinga av berekraftperspektivet ved prosjektet. Dei skriv at det er viktig å vurdere om det kan finnast andre eigna lokalitetar som i mindre grad kjem i konflikt med naturverdiar og biologisk mangfald.

Fiskeridirektoratet varslar i si uttale motsegn dersom planen legg til rette for aktivitet eller tiltak som kan gje negativ påverknad på kysttorskbestanden i regionen. Dei påpeikar at det ikkje er med i omtalen at heile sjødelen i planområdet er del av eit større gytefelt for kysttorsk, vurdert som regionalt viktig. Storleik og plassering av dei to ålegraslokalitetane og tareskogførekomsten gjer at dei vurderer desse som svært viktige for kysttorsken i regionen. Påverknad på marine naturtypar i området må konsekvensvurderast i samanheng, ved at ein ser til den økologiske funksjonen til naturtypene. Korleis dette skal gjerast må vurderast i samråd med Fiskeridirektoratet.

Vestland fylkeskommune skriv at dei kan vurdere å fremje motsegn til planforslaget dersom tiltaket er i konflikt med nasjonale eller vesentlege regionale kulturminneinteresser. Kulturminneregistrering er bestilt av tiltakshavar, men på grunn av kapasitetsproblem får ikkje fylkeskommunen utført registreringa denne feltsesongen. Reguleringsplanen kan ikkje vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg uttale etter registreringa.

Det er ikkje varsla andre motsegner til planen.

Direktoratet for sikkerhet og beredskap, DSB, skriv i si fråsegn at behovet for, og konsekvens av forventa omfang av omsynssoner knytt til risiko for uønska hendingar med farleg stoff bør skildrast nærare i planprogrammet. Dei skriv at det i samråd med brannvesenet bør vurderast å legge til rette for fleire tilkomstveggar til anlegget, då det kan vere nødvendig å komme til anlegget frå fleire retningar for innsats og eventuell evakuering av personell ved ei eventuell hending med farleg stoff som krev innsats frå naudetatane. I møte med DSB vart digital tryggleik for verksemda også nemnt som viktig del av ROS-analysen.

Fleire av merknadane frå organisasjonar og privatpersonar går på konsekvensar for naturmangfald og registrerte naturverdiar på land og sjø, og på tilhøvet til Naturavtalen som Noreg har forplikta seg til. Det blir stilt spørsmål om prosjektet er berekraftig når det medfører nedbygging av natur, og kva som er gjort av alternative vurderingar. Tryggleiksaspektet er også sentralt i dei fleste merknadane, både kva risiko anlegget medfører for bustader, hytter, båttrafikk og trafikk langs fylkesvegen, og kva utstrekning omsynssoner vil ha og kva restriksjonar som kan bli sett for omkringliggende eigedommar og ferdsel på sjøen. Fleire uttrykkjer bekymring for hendingar med ammoniaklekkasje, og ønskjer ikkje å leve i uvisse for slik fare. Grunneigarar på Dyrstad og i nærområdet elles er i tillegg spesielt opptekne av visuell påverknad, lys- og støyutslepp, og verknadane for bulyst og verdiforringing av eigedommane. Merknadane frå privatpersonar peikar m.a. på at Holmaneset og Holmane er mykje brukt til friluftsliv, båtutfart, fiske og bading, og at utbygging vil øydeleggje desse verdiane. Fleire av merknadsstillarane ber om at det vert vurdert anleggsutforming som gjev minst mulig konsekvensar for naturmangfald, landskap, friluftsliv etc. Det blir stilt spørsmål om kor mange arbeidsplassar tiltaket vil medføre, og korleis ein skal hente kompetanse når det allereie kan vere problematisk å rekruttere arbeidstakarar i området. Ein del spørsmål/innspel gjeld energipolitikken generelt, men også korleis straumforsyning skal løysast, framtidig straumunderskot og kva verknader prosjektet vil ha på straumprisane og indirekte på lokalt næringsliv. Høyringsuttalane kan lesast i sin heilskap i innsynsløysinga [Arkivsak 23/96 - Områderegulering Holmaneset \(onacos.no\)](#).

Vurdering:


Høyingsinnspela gjeld i hovudsak synspunkt på etableringa, kva konsekvensar etableringa kan få og spørsmål til politiske prioriteringar. Det er lite innspel til konkrete endringar av planprogrammet. Det er også ein del spørsmål knytt til hydrogensatsinga og prosjektet, som ikkje direkte er relatert til det som skal avklarast gjennom planprosessen. Informasjon om Noreg si hydrogensatsing kan ein sjå på regjeringa si nettside [Hydrogen - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no), og informasjon om prosjektet kan ein finnast på Fortescue Future Industries Norway si heimeside [Holmaneset \(Norsk\) | Fortescue](https://www.fortescuefuture.com/norway)

Fleire av innspela går på å trekkje anlegget austover i Djupevika, for å redusere verknadane av utbygginga på naturmangfald, landskap og friluftsliv. Etter ei foreløpig vurdering ser ein at det ikkje er nok plass til dette, utan ei svært omfattande utfylling i sjø i den djupe vika. Det er også andre moment som vanskeleggjer ei slik plassering:

- Terrenget sør for fv. 614 er bratt, med fare for ras, og ikkje eigna til å plassere produksjonsanlegg og lager av farleg stoff og eksplosive varer, slik som dette planarbeidet skal leggje tilrette for.
- Det er ikkje nok plass i Djupevika for trygg og effektiv ammoniakkesport på fartøy, og kaianlegga måtte då ligge i nord, ut mot fjorden. Dette vil føre til at produksjonsanlegget og lagringstankar som er omfatta av storulukkeforskrifta, må ligge lenger inn på området og nærare fv. 614, som heller ikkje er ynskjeleg.
- Foreløpig dialog med Kystverket indikerer også at ei slik løysing ikkje er ynskjeleg, då det i større grad vil påverke farleia inn til Svelgen.

Det er parallelt med høyring av planprogrammet arbeid med å optimalisere utforminga av anlegget, slik at ein i størst mulig grad kan redusere dei negative verknadane knytt til kjende naturverdiar og fylling i sjø.

Under er vist eit foreløpig designkonsept, der omfanget er vesentleg redusert i høve til skissa i planprogrammet. Dette skal vidareutviklast og reviderast etter kvart som ein får tilgang på meir data og kunnskap gjennom planprosessen, og det er difor ikkje naturleg å endre illustrasjonen i planprogrammet.



Mange av merknadsstillarane er opptekne av lysforureining, frå anlegget, fakkeltårn og skip. Det bør presiserast i planprogrammet at lysforureining også skal utgreiast under tema Landskap i konsekvensutgreiinga pkt. 8.7. I kommentar til merknad frå Raudt, B2 nr. 5, og til merknad frå Atle og Margot Skår, C11 nr. 1, er det informert nærare om forventa lysforureining frå tiltaket.

Det bør også konkretiserast i tabellen for konsekvensutgreiing i pkt. 8.7 at det skal gjennomførast feltundersøkingar for naturmangfald både på land og i sjø, i samsvar med Statsforvaltaren sine merknader.

Statsforvaltaren sin merknad om Tennøyane naturreservat er tilrådd innarbeidd i planprogrammet pkt. 8.7 Konsekvensutgreiing naturmangfald: Konsekvensar for verneområdet Tennøyane skal utgreiast. Fugl skal kartleggast, og det skal gjennomførast feltundersøkingar på vår og haust.

Det vert også tilrådd å innarbeide Fiskeridirektoratet sin merknad om fjorden som regionalt viktig gytefelt for torsk ved å supplere pkt. 6.5 Naturmangfald med at «Sjøområdet innenfor planområdet er en del av et større gytefelt for torsk». Direktoratet for sikkerhet og beredskap sin merknad om å skildre behovet for, og konsekvens av forventa omfang av omsynssoner knytt til risiko for uønskte hendingar med farleg stoff, nærare i planprogrammet er også tilrådd å ta omsyn til.

Naturavtalen bør, som ein av uttalane peikar på, gå fram av planprogrammet. Denne skal leggjast til overordna føringar i pkt. 5.1.

Sidan kulturavdelinga til fylkeskommunen ikkje får utført registrering av kulturminne i planområdet denne feltsesongen, vil denne registreringa ikkje bli utført før tidlegast til våren. For at dette ikkje skal gå ut over framdrifta på planarbeidet kan det utarbeidast planframlegg som kan leggjast ut til offentleg ettersyn, sjølv om registreringa ikkje er gjennomført. Planen må då omarbeidast dersom det vert gjort eventuelle funn som må takast omsyn til. Planen kan ikkje vedtakast av kommunen før dette er gjort.

Vidare i planprosessen er det viktig å ha god dialog med Statsforvaltaren og Fiskeridirektoratet om dei varsla motsegnene, slik at ein kan få ei avklaring på kva som må til for å unngå motsegn.

Innspela elles inneheld mykje nyttig informasjon og presiseringar som må takast med vidare i planarbeidet. Det er svært viktig at det vert utført grundige konsekvensutgreiingar, og at alle relevante tema vert godt opplyst før det skal takast avgjerd om å legge eit planframlegg ut til offentleg ettersyn. For risikoanalysen er det viktig at det vert nytta personell med spisskompetanse, spesielt for vurderingar knytt til handtering/lagring av farleg stoff og eksplosivar.

Mange av merknadane peikar på det store kraftforbruket anlegget skal ha, og kva verknader dette har for energiforsyninga og straumprisane i området. Dette er overordna spørsmål som er vanskeleg å greie ut, men som NVE, Statkraft eller Statnett bør ha gjort vurderingar rundt. Dette vil vere ein del av dei samfunnsmessige verknadane av tiltaket som skal utgreiast gjennom konsekvensvurderinga. Det er også spørsmål kring framføringa av straum til anlegget, og ynskje om at dette må skje via sjøkabel. Framføring av straum inngår ikkje i reguleringsarbeidet, men skal ha eiga konsekvensvurdering og høyring etter energilova. Det blir arbeidd med løysing for sjøkabel, parallelt med framføring av vatn.

Prosjektet sin verknad på bulyst og trivsel er i mange av innspela sett opp mot kva prosjektet kan tilføre kommunen av arbeidsplassar og inntekter. Vurdering av dette vil i stor grad vere ei politisk prioritering, som må gjerast når alle konsekvensar av prosjektet er utgreidde og gjort kjende.

Vedlagt planprogram er i hovudsak oppdatert i samsvar med framlegget til vedtak.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Kostnadane med utarbeiding av plan vert dekkja av FFI Norway i samsvar med godkjent samarbeidsavtale. Kommunen sine eigne kostnader knytt til planarbeidet må dekkjast av

kommunen.